



Johannes Hjørnevåg satsar på salg av dekk og felgar.

Arbeidsdagane til Johannes Hjørnevåg har stort sett vore knytt til PC og kontorpult. I tillegg er han velkjend som positiv bygdeutviklar gjennom Uskedal Eigedom og aktiv deltakar i lags- og organisasjonsliv. Som avkopling har han alltid likt å skru på bilar, og som eit resultat av dette har han no etablert eit nytt firma, JH Service.

Firmaet sel dekk og felgar til alle typar person- og varebilar. I tillegg sel firmaet dekk til MC. Johannes fortel at han skaffar alle dei kjende dekkmerka til gode prisar. Han har også eit svært godt utval av felgar. For dei som ønskjer dekkhotel, ordnar firmaet også det.

Johannes Hjørnevåg held til heime i garasjen med firmaet, og han er tilgjengeleg på ettermiddag og kveld.

JH Service har eiga side på Facebook der dei no ønskjer kundane godt nyttår og lovar knallprisar på vinterdekk og utvalde felgpakkar.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland